

## SAK 18/16 SØKNAD UNGT ENTREPENØRSKAP 2016 – 2019

### Saksopplysing

” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” har vore eit prosjekt i Hallingdal frå skuleåret 2006/2007, og det er løyvd midlar t.o.m. skuleåret 2015/2016. I brev frå Ungt Entreprenørskap dat. 20.1.2016 blir det stilt spørsmål om vidareføring av tiltaket for perioden 2016 – 2019. [UE Buskerud](#) har eit klart ynskje om å halde fram det gode arbeidet i Hallingdal, i samarbeid med Regionrådet. Rapport for skuleåra 2013 – 2015 er vedlagt, vedlegg 2 og 3. Rapporten blir avslutta med sluttkommentar og tankar kring arbeidet framover.

Ungt Entreprenørskap Buskerud har saman med partnarskapsavtala finansiert ei 40% stilling, der Erna Viken Holvik er tilsett som prosjektleiar. Hallingdal har som einaste region i Buskerud vore tilgodesett med ein 20% ressurs frå Ungt Entreprenørskap Buskerud. Og UE Buskerud er interessert i ei vidareføring fyrst og fremst ut frå at tiltaket blir sett på som svært vellykka i Hallingdal.

Totale kostnadar var 2015 kr 450.000. Finansiering har vore likt fordelt mellom partnarskapsavtala og UE Buskerud. UE Buskerud er innstilt på å bidra ved framleis å setja av ein stillingsressurs til arbeidet i Hallingdal. Det er foreslått ein årleg kostand på kr. 480.00 som blir delt 50/50 mellom UE og Hallingdal.

Det er ynskjeleg å halde fram med arbeidet i ei treårsperiode, med å vidareføre /bygge på aktivitetar som er i gang. Følgjande arbeidsområde er vurdert som viktige, m.a. ut frå det som er gjort i perioden 2013-15:

- *Koordinere gjennomføring av Vårt Lokalsamfunn (4. klasse), Økonomi og karrierevalg (8. klasse), Innovation Camp (9. klasse), Elevbedrift (9. klasse)*
- [Videreutvikle Valgsfagsmessen for Hallingdal](#) (8.-9. klasse)
- *Introdusere Smart (6.-7. klasse)*
- *Videreutvikle kurstilbud for lærere - lokalt/fylkesnivå/BTV-region*
- *Fortsette arbeidet for at kommunene utarbeider entreprenørskapsplan hvor alle aktivitetene er innplassert på de ulike årstrinnene.*

I brev frå Ungt Entreprenørskap, vedlegg 1, blir det det gjort nærare greie for Ungt Entreprenørskap og eventuell finansiering via regionale utviklingsmidlar. I utgangspunktet skal desse midlane brukast til aktivitet av begrensa varigheit. Dette kunne vore ei utfordring, i forhold til å finansiere UE sitt kontinuerlege arbeid mot skulene med desse midlane. For å løyse problemet, vart det sendt ut ei presisering i samband med tildelingsbrev for Regionale utviklingsmidlar i 2011. Her står det m.a.:

*For Ungt Entreprenørskap i det einskilde fylke, kan fylkeskommunane dekkje alle typar kostnader knytt til drift og aktivitetar i Ungt Entreprenørskap sine programperiodar."*

Med denne presiseringen syner KRD at dei regionale utviklingsmidlane kan nyttast til å finansiere UE sitt arbeid.

## **Vurdering**

Entreprenørskapsutdanning har sidan 2004 vore eit satsingsområde i norsk utdanningspolitikk, og i handlingsprogram som fleire departement står bak. Ungt Entreprenørskap blir framheva som ein viktig aktør i arbeidet med å nå planen sine mål. Det er og tverrpolitisk semje om å satse på entreprenørskap i utdanninga i Norge - på alle utdanningsnivå. Entreprenørskap på ulike nivå er og eit satsingsområde i regionale planar. Tiltaket er og i tråd med Strategisk plan for Hallingdal i forhold til både rekruttering og bulyst.

I denne samanheng kan det vera på sin plass å sitere frå Kommunal- og Regionaldepartementet si grunngjeving for satsing på Ungt Entreprenørskap.

*"Entreprenørskap er viktig for å utnytte ressursene til folk, skape attraktive arbeidsplasser der folk bor og øke verdiskapningen. Departementet legger særlig vekt på å stimulere til entreprenørskap blant unge og ser på entreprenørskap i utdanningen som en hovedstrategi for dette. UEs arbeid er viktig for å styrke entreprenørskapskulturen i hele landet. Ved å aktivisere barn og unge i lokalsamfunnet bygges lokal identitet og engasjement. UE skal bidra til regional utvikling ved å gjøre barn og unge kjent med lokalt arbeids- og næringsliv og muligheter i eget lokalmiljø og ved å skape interesse for selv å etablere arbeidsplasser eller finne arbeidsmuligheter i eget distrikt etter endt utdanning. Entreprenørskap i utdanningen skal derfor gjennomføres i hele landet og tilpasses lokale og regionale utfordringer, hvor eksisterende arbeidsplasser tas i bruk som læringsarenaer. Det er et mål at elever og studenter får et godt undervisningstilbud uavhengig av hvor de bor i landet."*

Nasjonale styresmakter vurdera UE sitt arbeid først og fremst som langsigting regionalutvikling og næringsutvikling - med utdanningssystemet som arena for dette arbeidet.

Det kan vera vanskeleg å måle effektar av til tak som Ungt Entreprenørskap. Men i 2011 [evaluerte Nordlandsforskning og Kunnskapsparken i Bodø](#) staten sitt tilskot til Ungt Entreprenørskap. Evalueringa syner ein solid organisasjon som med relativt få tilsette når ut til svært mange elevar og studentar. Evalueringa syner at Ungt Entreprenørskap tilbyr ei stor mengde program med høg kvalitet. Organisasjonen er slank og veldrive i høve til storleiken på tilskotet og talet på elevar organisasjonen når.

Ungdommen er den viktigaste ressursen i det framtidige Hallingdal. Me treng ungdom som kan og vil omstille og nyskapa ut frå eigen kompetanse og ut frå lokale ressursar og behov.

Entreprenørskap kan vera eit stikkord og det er viktig å tenke prosesjon, der elevar kan få høve til å arbeide med entreprenørskap på ulike trinn i utdanningsløpet. Etter dagleg leiar sitt syn er målet med å utvikle kreativiteten, skapargleda og trua på seg sjølv hjå barn og ungdom, eit av dei viktigaste fundamenta i ein aktiv distriktpolitikk. I forhold til partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og Strategisk plan for Hallingdal er dette type tiltak som passar godt inn i satsingsområda. Med bakgrunn i det dei resultat og erfaringar som blir gjort i Hallingdal er dette eit tiltak som absolutt bør halde fram.

Modellen med ei 40% stilling for Hallingdal har synt seg å vera ei god organisering. Etter dagleg leiar sitt syn er det liten tvil om at ” Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” er eit godt tiltak som er positivt motteke i skulane. Det er skapt stort engasjement og aktivitetane som skjer i

Hallingdal blir lagt merke til også på nasjonalt hold i Ungt Entreprenørskap. I tillegg har det vore avgjerande med ein prosjektleiar med driv og evne til å skapa engasjement. Ungt Entreprenørskap i Hallingdal kan syne til gode resultat og har eit aktivitetsnivå i skulane som er 50% høgare enn gjennomsnittet i fylket.

### **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vurdera ”Entreprenørskap i utdanninga i Hallingdal” som eit vellykka tiltak, som blir vidareført i 3 nye år, frå hausten 2016, med ein stillingsressurs på 40%.
2. Av ei kostnadsramme på kr 480.000 pr. år i tre år, totalt kr. 1.440.000, dekkjer UE Buskerud 50% av kostnadane.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd tilskot tilsvarende 50% av kostnadane, totalt inntil kr. 720.000.
4. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2016.

Ål 20.5.2016

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar

Vedlegg:

1. Brev frå Ungt Entreprenørskap, dat. 20.1.2016
2. Rapport 01.08.13 – 30.12.15, grunnskule Hallingdal
3. Ungt Entreprenørskap, elevar i aktivitet regionvis 2013 - 2015

Regionrådet i Hallingdal  
Torget 1  
3570 Ål

Drammen 20.01.16

## **ENTREPENØRSKAP I UTDANNINGEN I HALLINGDAL 2016-19**

Ungt Entreprenørskap Buskerud tilbyr 20 ulike undervisningsprogrammer til hele utdanningsløpet – fra barnehage til høyere utdanning. Formålet med programmene er å utvikle barn og unges entreprenørielle kompetanse: Kreativitet, risikovise, evne til å ta initiativ, arbeidslivskunnskap – kort sagt: se lokale muligheter og gjøre noe med dem.

### **FORANKRING AV ARBEIDET**

Ungt Entreprenørskap befinner seg i skjæringspunktet skole/arbeidsliv og UEs programmer er forankret nasjonalt og regionalt både pedagogisk og som virkemiddel i næringsutvikling.

#### **Ludviksenutvalget – Fremtidens skole**

Ludvigsen-utvalget la i juni 2015 frem sin rapport «Kompetanse for fremtiden» (NOU 2015:8). *Hvilke kompetanser vil være viktige for elevene i skolen, i videre utdanning og yrkesliv og som ansvarlige samfunnsborgere 20-30 år frem i tid?*

En av fire kompetanseområder trekkes frem er: Kompetanse i å utforske og skape. «*Elevene vil ha behov for kompetanse i kreativitet, innovasjon, kritisk tenkning og problemløsning. Dette er viktig for å kunne bidra i arbeid og samfunn og for å kunne utforske og finne løsninger på nye utfordringer. Å ha kompetanse som gjør at man kan skape noe, alene eller sammen med andre, er viktig for den enkelte, både i skolen, i arbeidslivet og på andre arenaer. Elevene har også behov for å kunne gjøre kritiske vurderinger og ta gode valg i eget liv*.

#### **Regieringens gründerplan («Gode idéer – fremtidens arbeidsplasser»)**

Tilgang på kompetanse fremheves som en av tre avgjørende faktorer for å lykkes med økt nyskaping og Ungt Entreprenørskap omtales spesielt i planen : «*Ungt Entreprenørskap er en sentral samarbeids partner i regieringens arbeid med å styrke entreprenørskap i utdanningen.*»

#### **Regional plan for kunnskapssamfunnet i Buskerud 2016 –20 (Buskerud Fylkeskommune)**

«*Gjennom utdanning i entreprenørskap kan elever og studenter få kjennskap til lokalt arbeids – og næringsliv og utfordringer som lokalsamfunnet står overfor. Ved å aktivisere barn og unge i*

lokalsamfunnet, bygges lokal identitet og engasjement. De unge får også erfare hvilke krav som stilles i arbeids- og næringslivet og se hvilke muligheter som finnes. Utdanningssystemet og arbeidslivet må derfor i større grad se mulighetene gjennom samhandling og samarbeid. Det er viktig at utdanning i entreprenørskap gjennomføres i hele fylket, tilpasset lokale utfordringer og der eksisterende arbeidsplasser og rollemodeller bidrar i opplæringen Å bygge en kultur for entreprenørskap blant barn og unge blir en viktig oppgave for utdanningssystemet på alle nivåer. Sentrale kjennetegn for fag og metoder som fremmer entreprenørskapskompetanse er:

- Kreativitet
- Aktiv læring
- Tverrfaglighet
- Samarbeid skole-arbeidsliv
- Verdiskaping (sosialt, økonomisk eller kulturelt)»

Disse kriteriene er også utgangspunkt for Ungt Entreprenørskap programmer.

**Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling 2015-20 (Buskerud Fylkeskommune)**

Et av planens delmål er «Styrke intra- og entreprenørskapskulturen»:

« Gjennom å stimulere skapergleden, spesielt blant barn og unge voksne, kan kulturen for entreprenørskap og intraprenørskap stimuleres. Gjennom å stimulere entreprenørielle holdninger, kunnskaper og ferdigheter vil det i et langsigtt perspektiv utvikles en kultur for entreprenørskap. Dette vil skje ved at hele utdanningsløpet styrker bruken av fag og undervisningsmetoder som fremmer entreprenørielle holdninger, kunnskaper og ferdigheter.»

**VIDERFØRING AV ARBEIDET I HALLINGDAL 2016 - 19**

Prosjektet "Entreprenørskap i utdanningen i Hallingdal 2013-16" avsluttet 31.07.16.

Rapport for 01.08.13 - 31.12.15 er vedlagt.

Rapporten avsluttet med tanker om videre arbeid, noe som er viktig – både for å videreutvikle entreprenørskapsarbeidet i skolene, og for å vedlikeholde det som er bygd opp. Modellen med en 40% stilling plassert i regionen - og som dekker skolene i regionen har vist seg å være en god organisering. Det har vært avgjørende for å skape de gode resultatene Hallingdal kan vise til. Som vedlagte oversikt viser, gir det et aktivitetsnivå i skolene i Hallingdal som er 50% høyere enn fylkesgjennomsnittet. UE Buskerud vil gjerne fortsette det gode arbeidet i Hallingdal i samarbeid med Regionrådet.

**VIDERE PLAN FOR ENTREPENØRSKAP I UTDANNINGEN I HALLINGDAL 2016-19**

Med utgangspunkt i rapport for arbeidet gjort i perioden 2013-15, vil dette være viktige arbeidsområder videre:

- Koordinere gjennomføring av Vårt Lokalsamfunn (4. klasse), Økonomi og karrierevalg (8. klasse), Innovation Camp (9. klasse), Elevbedrift (9. klasse)
- Videreutvikle Valgsfagsmessen for Hallingdal (8.-9. klasse)
- Introdusere Smart (6.-7. klasse)
- Videreutvikle kurstilbud for lærere - lokalt/fylkesnivå/BTV-region
- Fortsette arbeidet for at kommunene utarbeider entreprenørskapsplan hvor alle aktivitetene er innplassert på de ulike årstrinnene.

**KOSTNADER FOR ARBEIDET**

Totale kostnader for arbeidet i Hallingdal var kr 450 000 i 2015. Med videreføring og videreutvikling av tilbudet for skoleårene 2016 – 2019 er det naturlig å anta at gjennomsnittlig årlig kostnad vil være kr 480 000 pr. år (Regionrådets andel er da kr 240 000 årlig med samme finansieringsmodell).

**BUDSJETT FOR ARBEIDET I HALLINGDAL – PR. ÅR****Kostnader**

Lønn inkl. sosiale utgifter	kr. 320.000
Drift PC, telefon, kontorutgifter	kr. 40.000
<u>Kurs, arrangementer, administrasjon</u>	<u>kr. 120.000</u>
<u>Sum kostnader pr. år</u>	<u>kr. 480.000</u>

**Finansiering**

Regionrådet for Hallingdalsregionen	kr. 240.000
<u>Ungt Entreprenørskap Buskerud</u>	<u>kr. 240.000</u>
<u>Sum finansiering pr. år</u>	<u>kr. 480.000</u>

Hilsen  
Erlend Eggen  
Daglig leder, UE Buskerud



**Ungt entreprenørskap Buskerud, avd. Hallingdal**  
v/Erna Viken Holvik  
Lienvegen 64  
Hol ungdomsskole  
3580 Geilo

## **Rapport 01.08.13 – 30.12.15 – Grunnskule Hallingdal**

### **Aktivitetar**

#### **Økonomi og karriereevalg**

##### **8.klasse**

Økonomi og karriereval har i vår vore gjennomført slik:

Flå skole: i samarbeid med Dnb Nor Gol, gjennomført høst 2013 og 2014

Hemsedal barne- og ungdomsskule i samarbeid med Sparebank 1 Hallingdal, vår 2014 og 2015

Hol ungdomsskole i samarbeid med Hol sparebank, 3 klassar vår 2014

Geilo barne-og ungdomsskole, avd ungdomstrinn (1.-10 skole fra aug 2014), samarbeid med Skue sparebank, gjennomført med 2 klassar vår 2015

Gol ungdomsskule i samarbeid med DnB NOR, avd. Gol, 3 klassar vår 2014

Gol ungdomsskule i samarbeid med Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, 2 klassar vår 2015

##### **9.klasse**

Nes ungdomsskole i samarbeid med Nes prestegjeld sparebank, 9.trinn, 2 klassar vår 2014

Nes ungdomsskole i samarbeid med Skue sparebank, 2 klassar vår 2015

Ål usk- i samarbeid med Sparebank 1 Hallingdal og Valdres, 2 klassar vår 2015

I forkant av gjennomføringa har det blitt arrangert informasjon - og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar. Deltakarane blir kursa i programmet og planar for gjennomføringa blir lagt, oppgåver og ansvar fordelt, slik at lærarane blir sterke involvert i det som skal gjennomførast

#### **ELEVBEDRIFT (EB)**

**Hol USK** har gjennomført elevbedrift for alle elevar i 9.klasse hausten 2013, 2014 og 2015 i samband med den årlege Innovation camp på skulen.

I tillegg er det elevar som driv elevbedrift gjennom heile året i Arbeidslivsfag og i valfaget Produksjon av varer og tenester.

**Gol USK** har gjennomført elevbedrift for alle sine 9.klasse-elevar hausten 2013 og 2014. I staden for å avvikle dette over ei komprimert veke, satsar dei no på ein utvida periode med 3t EB på timeplanen fordelt utover våren 2016.

**Ål USK** jobbar med elevbedrift i valfaga. Dei jobbar med eit nytt konsept med felles «grundercamp» for alle elevane på 8. og 9, noko som i neste omgang skal vere utgangsunkt for elevbedrifter som elevane skal drive i valfag i deler av året.

Hol ungdomsskole/Geilo barne-og ungdomsskole har gjennomført si årlege «Innovation camp»- veke og avslutta med presentasjon og utstilling for eit stort frammøtt publikum. Jury kåra 6 ulike prisar.

Premiar frå lokalt næringsliv. Ordførar delte ut gavekort frå kommunen, 500kr til kvar av medlemmene i vinnargruppa for mest innovative idé (2013, 2014 og 2015)

Dei to siste åra har skulen invitert inn 10 representantar frå lokalt næringsliv i løpet av ideutviklingsprosessen. Dei har gitt elevane tips og råd. Kvar elevgruppe har fått rettleiing frå to ulike rettleiarpar, og dette har vore svært motiverande for elevane😊

**Flå skole** 9.klasse driv kantine som elevbedrift, dette går heile skuleåret. (2013, 2014, 2015)

**INNOVATION CAMP - oppfinnarkonkuranse for 9.klasseelevar**

Hol, Flå og Hemsedal deltok i Innovation camp 2013-14, 2014-15 og deltek også dette skuleåret.

Hausten 2013 gjekk «Bulleyes» frå Geilo til fylkesfinalen, men nådde ikkje opp i finalen.

Hausten 2014 var det ingen lag frå Hallingdal som gjekk vidare til finalen, lenge sidan sist det skjedde.

No i haust kvalifiserte både «Never lost» frå Hemsedal og «Hallingøksa» seg til fylkesfinalen i

Drammen. (4.2.2016)

**Kursing av rettleiarar**

Ved oppstarten av Innovation camp gjennomfører skulane «Se mulighetene». Ein rettleiar frå lokalt næringsliv har gjennomført 2t i kvar klasse som oppstart av programmet. Desse rettleiarane har fått opplæring på førehand. Dei fortel litt om det å vere grûnder og kva som skal til for å lukkast.

**2013:**

Ola Lien i Hemsedal, Johnny Kaupang i Hol og Georg Grimeli i Flå.

**2014 og 2015 :**

Pål Rørby – Hemsedal, Martin Haaland – Geilo, Trond Gunnerud – Flå

**Mellomrunden på Hønefoss**

Dei beste elevgruppene frå kvar skule i Hallingdal, Midtfylket og Ringerike har møttest til mellomrunden i Innovation camp på Hønefoss. Underteikna og UE-representant i Ringerike har stått for arrangementet. Her får elevane møte representantar frå næringslivet i to runder med «speedrettleiing», dei får «standbyggekurs» og presenterer for jury. Juryen plukkar ut dei 5-6 beste laga som går til fylkesfinalen i Drammen.

Frå Hallingdal har fleire rettleiarar stilt opp, bl.a. Trond Ask Henriksen, Sigvat Morken (Hallingdal etaberersenter), Mona Østdahl Gulsvik, Pål Rørby (Hallingexpo), Lars Riise (Gol kommune), Randi Tofting (Hallingplast), Maike Wisser (Lydfarge), Nina Berntson (Linus care)

**KURSARRANGEMENT FOR LÆRARAR****Innovation camp**

Kurs for lærarar på Flå september 2013, 2014 og 2015

Deltakarar frå dei påmelde skulane i Hallingdal, Ringerike og Midtfylket.

Informasjon om Innovation camp, samarbeidsøvingar, kreative øvingar med fokus på idéutvikling og presentasjon. Idear til gjennomføring på eigen skule.

Vår/sommar 2015 har det vore utsfkifting av arbeidsstokken i UE Buskerud. Dette har medført at underteikna har hatt ekstra opplæringsansvar, bl.a. gjennomføring av tilsvarande lærarkurs både i Drammen og Kongsberghausten 2015.

**Kongsberg treffet/entreprenørskapstreff for lærarar- 2014**

I september gjennomførte UE Buskerud i samarbeid med Vestfold og Telemark ei to dagars samling for lærarar (5-10.kl) med vekt på samarbeid skule-næringsliv, trening i kreativitet og opplæring i Elevbedrift. Bakrunnen for dette er at mange lærarar som underviser i arbeidslivsfag og dei nye valfaga har fått lite opplæring og saknar kursing. God respons, 40 lærarar deltok (blant desse var 7 frå Hallingdal)

**2015**

Samlinga i 2014 var så vellukka at Telemark og Buskerud UE også arrangerte hausten 2015.

40 deltagarar. Denne gongen var det også tilbod for dei som var «vidarekomne» EB-lærarar 6 lærarar frå Hallingdal deltok

Dette er eit arrangement vi ynskjer å ha årleg.



### Samarbeid skule – næringsliv

Gjennom heile perioden frå 2006 har eg jobba bevisst for å få til faste avtalar, partnerskapsavtalar mellom ungdomsskular og bedrifter. Ved at kvar skule har faste avtalar med bedrifter vil dei ha fleire samarbeidspartnerar å spele på når dei treng mentor, dommarar, foredragshaldarar, inspiratorar o.l til gjennomføring av UE sine ulike program. Nokre av desse har blitt fornya denne perioden. Bl.a har Skue sparebank erstattat Nes prestegjeld sparebank og Hol sparebank, og Sparebank1 Hallingdal og Valdres har overteke samarbeidet med Gol USK etter DnB Nor. Det vil også bli endringar i Flå. Her er ikkje ny avtale på plass enno. Jobbar også for å få på plass ein fast avtale med ungdomsskulen på Ål.

### Jobbskygging

Flå, Hemsedal, Hol, Nes og Gol har gjennomfører årleg jobbskygging for alle elevane i 8.klasse, dvs. at ein elev fylgjer ein yrkesutøvar ein arbeidsdag for å finne ut mest mogeleg om dette yrket. For- og etterarbeid med presentasjon av yrket for klassen.

### Jobbavis (9.kl)

Gol, Hol og Nes har laga jobbavis med utlyste jobbar som elevane kan søkje på. (i samband med PRYO -veke). Opplæring i å skrive jobbsøknad og CV. Gjennomfører intervju i bedriftene. Tilsetting og jobbpraksis i prøveke. Etterarbeid med presentasjon.

### Vårt lokalsamfunn (VL)

I alle kommunane der Vårt lokalsamfunn har vore gjennomført, så har det vore arrangert eit informasjons- og samarbeidsmøte med instruktørar og lærarar der programmet har vore gjennomgått og tidsplan for gjennomføringa sett opp. På denne måten er både instruktørar og lærarar førebudde på opplegget og skulen og lærarane involvert i gjennomføringa.

### Ål kommune:

Vår 2014 : Ordførar Ivar Brevik, Kristian Kvistad Holm og Kari Torgersen frå Utviklingsavdelinga i Ål kommune var instruktørar.

Elvar ved Nedre Ål skule, Torpo og Skattebøl skule deltok

Avslutta med besøk til ordføraren, omvising på kommunehuset og utdeling av kursdiplom.

I 2015 var rådmann Tone Tveito Eidnes instruktør på Leveld skule, ordførar Ivar Magne Brevik stilte på Torpo skule og Kristian Kvistad Holm var instruktør både på Nedre Ål skule og på Skattebøl skule.

### Hol kommune:

Våren 2014: Ordfører Tony Kjøl, varaordførar Ingjerd Almås Anfinset, rådgjevar Espen Bille Larsen frå Samfunnsavdelinga i Hol kommune og miljøvernleiar Kjell Mykkeltvedt var instruktørar i kvar sin 4.klasse. Kjell på Hovet skule, Ingjerd på Holet skule og dei andre på Geilo skole.

Avslutning på kommunehuset med framføring av rollespel.

Våren 2015 stilte nok ein gang ordførar Tony Kjøl og rådgjevar Espen-Bille Larsen som instruktørar på Geilo skole, mens skulefagleg rådgjevar Grete Tandberg Fosshagen var instruktør i 4.klasse ved Dagali og Skurdalen oppvekstsenter.

### Nes kommune

Vår 2014: 4A og 4B ved Nes barneskule fekk besøk av Per Rune Andersen, utvalgsleder skole, oppvekst og kultur og kommunepolitiker Reidun Garnås. Avslutning med besøk på kommunehuset.

I 2015 var ordførar Tor Oscar Magnussen og kommunepolitiker Magne Fremo instruktørar.



### **Flå kommune**

Ordførar Tor Egil Buøen var instruktør i 4.klasse. Vår 2014 og vår 2015  
Avslutning med rollespel på kommunehuset.

### **Hemsedal kommune**

Ordførar Oddvar Grøthe var instruktør i 4.klasse både på Ulsåk skule og på Tuv oppvekstsenter  
Avslutning med rollespel på kommunehuset. Vår 2014 og vår 2015.

### **Gol kommune:**

Ordførar Hallvor Lilleslett, formannskapsmedlem Dag Wollebæk var instruktørar i kvar sin 4. klasse. På Gol skule. Formanskapsmedlem Tore Dag Skjerdal var instruktør på Herad skule.  
Avslutning med rollespel på kommunehuset.

I 2015 stilte varaordførar Heidi Granli som instruktør i den 3.klassen på Gol skule, og dei 3 som var instruktørar i 2014 tok ein ny runde også i 2015.

### **MESSEDAG VALGFAG**

Valfagsmessa blei arrangert for første gang vårene 2013, då berre for 8.klasse-elevar , sidan det berre var dei som hadde valfag.

13.mai 2014 og 6.mai 2015 blei messa arrangert for både 8. og 9.klassessteg.

Hol, Ål, Flå, Hemsedal og Gol USK deltok. (ca 360 elevar og 35 lærarar)

Elevane visste fram på stand kva dei hadde jobba med i valgfaga Teknologi i praksis, Design og redesign, Internasjonalt arbeid, Forskning i praksis og Produksjon av varer og tjenester.

Elevar frå valgfaget «Sal og scene» presenterte skodespel, sang og dans frå scena .

I Geilohallen var det instruksjon og utprøving av ulike aktivitetar, og utanfor blei det bl.a. servert matrettar frå bålpanne. Dette stod elevar i valgfaget «Fysisk aktivitet og helse» for. I tillegg var det demonstrasjonar av eksperiment ute.

Jury frå lokalt næringsliv kåra vinnarar i 8 ulike kategoriar og 8 premiar à 1000kr blei delt ut.

Hol sparebank/Skue sparebank og Sparebank 1,Hallingdal og Valdres sponsa premiane.

Totalt 15 personar frå lokalt næringsliv deltok i juryarbeidet.

På arrangementet i 2015 hadde ei ungdomsbedrift frå Gol vg.skule oppdrag med film og fotoreportasje frå messa.

Talet på elevbedrifter har auka for kvart år og elevane har blitt flinkare til å stille ut og presentere frå stand.

Slike arrangement gjev både elevar og lærarar inspirasjon og idéar til vidareutvikling i faga.

### **KURS FOR LÆRARSTUDENTAR, allmennlærarutdanninga Drammen**

Underteikna hatt medansvar for gjennomføring av kurs i entreprenørskap for lærarskule-studentar både i 2014 og i 2015. Kurs i program for barnetrinnet. (Vårt lokalsamfunn, Våre familier og Smart»). Lærarstudentane gjennomfører eit av programma i sin påfølgande praksisperiode.



**Sluttkommentar og tankar kring arbeidet framover.**

Det har etterkvart blitt kultur for å drive entreprenørskap i skulane i Hallingdal. Alle kommunane og alle skulane driv entreprenørskapsaktivitet i ei eller anna form, nokre skular meir enn andre.

Alle 4.klasseeelvar deltek i programmet «Vårt lokalsamfunn» og alle ordførarar har stilt som instruktørar. Trur ikkje det er andre regionar i landet som kan skilte med det!  
Sist skuleår blei også Økonomi og karriereval gjennomført på alle ungdomsskulane i dalen.

UE Buskerud har jobba fram nye arrangement som tek til å bli godt innarbeida og som andre regionar gjerne også skulle hatt, bl.a. Valfagsmessa.

Innovation camp har blitt god innarbeida i Buskerud (1600-1800 elevar deltek årleg), og her har laga frå Hallingdal hevda seg godt☺

Det er viktig at dette arbeidet held fram, og det må vere ein person som trekkjer i trådane og har ansvar for å fylgje opp.

Som nemnt tidlegare bør kvar kommune ha ein overordna plan for entreprenørskap i utdanninga, der dei ulike aktivitetane er nedfelte. Det er eit ynskje å få gjennomført programmet «Smart» på barneskulane, i 6..-7.klassessteg. Då vil ein få ein naturleg prosesjon med VL i 4.klasse, Smart i 6/7klasse, Ø&K i 8.klasse, Innovation camp og elevbedrift i 9.klasse.

Dette er framleis eit mål☺

Det siste halvåret har underteikna også bistått ny kollega i andre deler av fylket.

Nye arrangement og aktivitetar har vore drive fram, noko som gjer jobben inspirerande.

I perioden har vi bl.a satsa på kursing av lærarar. Kunnskapsrike og engasjerte lærarar er viktig for å skape driv og grobotn for ein god entreprenørskapskultur ved den einskilde skule.

Dette ynskjer vi å satse endå meir på i tida som kjem.

Geilo 12.januar 2016

Erna Viken Holvik

### SAK 18-16, VEDLEGG 3

#### UE BUSKERUD - ELEVER I AKTIVITET, REGIONVIS

	Akt.13/14	Akt. 14/15	Akt. H15	Tot. elevtall	Aktivitetsindikator*
<b>Flå</b>	53	116	25	102	83 %
<b>Gol</b>	331	365	19	552	63 %
<b>Hemsedal</b>	96	175	41	294	46 %
<b>Hol</b>	339	474	268	489	83 %
<b>Nes</b>	147	108	0	384	33 %
<b>Ål</b>	182	351	0	639	42 %
<b>Hallingdal</b>	<b>1148</b>	<b>1589</b>	<b>353</b>	<b>2460</b>	<b>56 %</b>
<b>Drammen</b>	3482	3063	1427	7781	42 %
<b>Øvre Eiker</b>	657	280	37	2216	21 %
<b>Nedre Eiker</b>	459	525	372	3213	15 %
<b>Lier</b>	715	915	465	3356	24 %
<b>Røyken</b>	1353	1118	743	2856	43 %
<b>Hurum</b>	135	257	80	1178	17 %
<b>Drammensreg.</b>	<b>6801</b>	<b>6158</b>	<b>3124</b>	<b>20600</b>	<b>31 %</b>
<b>Flesberg</b>	103	32	48	338	20 %
<b>Rollag</b>	97		19	159	31 %
<b>Nore og Uvdal</b>		150		281	27 %
<b>Kongsberg</b>	480	602	426	3227	17 %
<b>Kongsbergreg.</b>	<b>680</b>	<b>784</b>	<b>493</b>	<b>4005</b>	<b>18 %</b>
<b>Ringerike</b>	1344	1373	708	3203	42 %
<b>Hole</b>	283	238	103	827	31 %
<b>Ringeriksreg.</b>	<b>1627</b>	<b>1611</b>	<b>811</b>	<b>4030</b>	<b>40 %</b>
<b>Krødsherad</b>	25	98		238	26 %
<b>Modum</b>	406	640	69	1513	35 %
<b>Sigdal</b>	204	105		431	36 %
<b>Midtfylket</b>	<b>635</b>	<b>843</b>	<b>69</b>	<b>2182</b>	<b>34 %</b>
	<b>10891</b>	<b>10985</b>	<b>4850</b>	<b>33277</b>	<b>33 %</b>

\* Deltakere/Totalt antall elever  
(noen elever deltar i mer enn en aktivitet)